

Energi- og miljøkomiteen

Stortinget

Høring 7. desember 2004 – Supplering av Verneplan for vassdrag

1. Innleiing

Epoken med store vasskraftutbyggingar er over. Dei aller fleste vassdraga som er igjen skal få renne urørde. Ein naturleg konsekvens av dette er at omsynet til kraftbalansen nå tel vesentleg mindre som restriksjon på verneplanen enn i tidlegare rundar.

70 prosent av våre største vassdrag driv turbinar. 9000-10 000 kilometer elvestrekningar har fått endra vassføring og unaturlege biotopar. Av dei ni høgste fossane i landet går sju i røyr. 20 av dei 25 største innsjøane er regulerte.

Verneplanen for vassdrag er eit nasjonalt program for å sikre naturverdiar som Noreg har meir av enn dei fleste andre land. Verneplanen er ein del av den internasjonale dugnaden for å ta vare på natur. Store verdiar i ein variert vassdragsnatur er spesielt for Noreg. Vassdraga er vårt regnskogsansvar. Vi har det andre ikkje har. I slike tilfelle må nasjonale og internasjonale omsyn stå over lokale utnyttingsinteresser.

Vi vil òg hevde at innvendingane mot vern i nokre tilfelle er urimelege påstandar om hindringar for andre tiltak enn kraftutbygging. Vi viser her til NVE og til kap. 6.4 i proposisjonen.

Arbeidsgruppa som utarbeidde grunnlaget for denne suppleringa gjekk inn for vern av 63 vassdrag med eit kraftpotensiale på 10 TWh. NVE innstilte på vern av 40 vassdrag med eit potensiale på 6 TWh. Regjeringa auka forslaget til 48, med 7,3 TWh i potensiale.

Samla plan inneheld 22,5 TWh. Etter vern av det regjeringa har gått inn for, er det igjen nesten 70 prosent av dette potensialet.

2. Omfanget av suppleringsforslaget

Vi er glade for at regjeringa har teke med fleire vassdrag enn NVE, men vi meiner forslaget er mindre enn det er sakleg dekning for ut frå intensjonane med verneplanen, og under omsyn til at dei store utbyggingane skal vere slutt på. Ei rekkje vassdrag som ikkje er med, har vesentlege kvalitetar innanfor fleire fagområde. Regjeringa har lagt for lite vekt på omsynet til inngrepsfri natur.

3. Små kraftverk i verna vassdrag

I vassdrag som er verna mot kraftutbygging bør det ikkje vere kraftutbygging. Dersom Stortinget sluttar seg til framlegget om å opne for konsesjonshandtering av søknader i verna

vassdrag, må den øvre grensa på 1 MW effekt vere absolutt. På dette punktet gjev vi regjeringa all den støtte vi kan.

4. Fritak frå Samla plan

Framlegget om å frita vasskraftprosjekt opp til 10 MW effekt eller ein årsproduksjon på 50 GWh frå Samla plan, fortener derimot så lite støtte som mogeleg. I lag med fleire andre tiltak for å stimulere småkraftverk, er dette eit tilbakesteg til bit for bit utbygginga, vekk frå eit godt fungerande opplegg for å styre inngrepa dit konfliktane og dei negative konsekvensane er minst.

5. Dei einskilde vassdraga

Vefsna er ein av toppane i norsk vassdragsnatur. Elva står i ei særstilling som den største av våre ikkje regulerte og heller ikkje verna vassdrag. Vefsna har alt som tilseier vern. Statkraft har ein utbyggingsplan som er stor og som reduserer vassføringa over lange strekningar. Ei slik utbygging som vi oppfattar regjeringa også seier nei til:

Bjerkreim